

## **Høyringsuttale til samfunnsdelen av kommunedelplanen til Alver. frå Utdanningsforbundet Alver.**

Det er med glede vi les høyringsutkastet til samfunnsdelen av kommunedelplanen til Alver kommune. Vi merkar oss at ein har involvert innbyggjarane på ein god måte i arbeidet, og at mange har meldt tilbake og komme med innspel til planen. Dette ser vi som positivt. Det er også flott at ein arrangerer høyringsverkstad på ulike stader i kommunen.

Vi i Utdanningsforbundet ønskjer å uttala oss om det vi kjenner best til, barn og unge sine oppvekstkår og då særleg opplæringa og rammene dei møter i barnehage og skule. Vi veit at Alver kommune leverer gode tenester for barn og unge. Kommunen driv dei fleste skulane og åtte av barnehagane. Som vi har påpeikt via annonsekampanje i lokalavisene i haust, og gjennom innspel til politisk nivå gjennom arbeidet med økonomiplan, har vi også store utfordringar i barnehage og skule. Utfordringane er særleg knytt til ressursar og rammer for skular og barnehagar. Sjå lenger nede.

*Kommentar til delmålet: «Vi skal satse på kvalitet i opplæringa og leggje til rette for at barn og unge opplever meistring, fellesskap og utvikling.»*

Vi er glade for at Alver kommune satsar på kvalitet i opplæringa. Då må ein også satsa på å ha best mogeleg kvalifiserte lærarar i barnehage og skule. Utdanningsforbundet ser at bruken av ukvalifiserte vikarar er stor, men berre lærarar er lærarar. Lærarar har mellom anna fagkompetanse, pedagogisk kompetanse, didaktisk kompetanse og relasjonell kompetanse.

Vi meiner at kommunen bør ha som målsetjing at alle barn har rett på ein kvalifisert lærar, både i barnehagen og på skulen.

I planutkastet står følgjande: *«Vi skal ha eit godt psykososialt miljø på alle arenaer der born og unge deltar. Vi skal arbeide aktivt med førebygging og tidleg innsats gjennom tverrfagleg samarbeid og koordinering.»*

Då er det på sin plass å setja fokus på rammene for skular og barnehagar: Det er viktig at dei økonomiske rammene er romslege nok til at ein har nok vaksne til å jobba aktivt med læringsmiljøet til barna og elevane. Har ein nok vaksne, kan ein mellom anna arbeida godt med førebygging av miljøsaker, slik at ein kan hindra at det t.d. utviklar seg til §9a-saker. Alle elevar har rett på tilrettelagt undervisning, noko som også ligg inni kvalitets-omgrepet. Ny lov om psykososialt miljø i barnehagen krev mykje observasjon og tiltak i leikesituasjonar både innandørs og ute. Dette krev også god nok bemanning.

Vidare om bemanninga i barnehagane: Vi ser at både ressursnivået og grunnbemanninga i barnehagane er for låg. Pedagogane si plantid og møte som er avgjerande for å kunna driva forsvarleg etter lov og rammeverk, fell ofte bort eller må utsetjast. Sjukefråveret er høgare enn nokon sinne. I barnehagane må grunnbemanninga styrkast for å halda oppe kvaliteten på tenestene. Vi ser at dette har mykje å seia for korleis ein kan arbeida med det psykososiale miljøet i barnehagen, og i kor stor grad ein får sett inn naudsynte tiltak tidleg nok i barna sitt liv.

**Verdsetting av vidareutdanning og auka kompetanse for undervisningspersonale:**

Satsinga på kvalitet må også visa seg ved at kommunen gjev lønsauke for vidareutdanninga som mange av pedagogane tek. Dette gjer nabokommunane våre, fleire gjennom eit automatikk-system, men dette får vi ikkje gjennomslag for i Alver. Utdanningsforbundet meiner at gjennom satsing på vidareutdanning med påfølgjande lønsauke, vil vera motiverande for det pedagogiske personalet. Vi vil behalda fleire av dei godt kvalifiserte lærarane våre, og færre vil søkja seg til nabokommunar. Ein vil oppretthalda god kvalitet på tenestene.

For styret i Udf Alver

Astrid Rongevær

Lokallagsleiar